



BOKN KOMMUNE

SEKSJON KULTUR SKULE OG BARNEHAGE

Vår ref.:
16/455-3//WLH

Dykkar ref.:

Dato:
20.08.2018

Leksehjelp skuleåret 2018/19

Informasjon om leksehjelp for 5. – 8. klasse

I følgje opplæringslova skal kommunen ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskulen. Tilbodet skal vera gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vera frivillig om dei ønskjer å delta.

I forskrifta til opplæringslova står det at leksehjelpa ikkje er ein del av opplæringa, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi elevane hjelp til skulearbeidet.

Det er ikkje krav om at det skal vera pedagogisk personalet på leksehjelpa.

Også i år blir tilbodet om leksehjelp gitt til dei elevane som går i 5. – 8. klasse. Og det er fagarbeidarar som skal vera tilstade på leksehjelpa.

Leksehjelpa vil bli måndag og onsdag rett etter skulen:

- Måndag 14:15 – 15:15
- Onsdag 13:20 – 14:20

Det får ikkje skyss heim etter leksehjelpa.

Første gong blir måndag 27. august.

Påmelding på SMS innam torsdag 23. august.

Med helsing

Wenche Laupland Havikbotn
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.